



Sju søkander frå Uskedalen om midlar frå Sparebank 1- stiftinga Kvinnherad utløyste ei tildeling på over kr. 700.000,- T.v: Styreleiar Svein Arne Eidsvik. T.h: Magnhild Haugland, varamedlem i styret og møter fast på alle møte.

Sju av tilsaman 71 tildelingar frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad gjekk til Uskedalen. Totalt utgjer det ei løyving på kr. 703.000,-. Kommunane Stord og Odda var også med på jubileumsmarkeringa i Kulturhuset Husnes i kveld. Frå utdelinga tok til i 2011 og fram til i dag er det løyvd over 52 mill kr.

Svein Arne Eidsvik frå Herøysundet/Uskedalen er leiar i stiftingsstyre. Magnhild Haugland er 1. varamedlem og møter fast på alle møte. Målet med tildelingane er å løfta frivillig arbeid og engasjement. Løyvingane skaper aktivitet i bygdene, som i neste omgang er ein viktig føresetnad for busetnad og arbeidsplassar.



Rigmor Rasmussen og Lovise Herland Sunde frå Uskedal ungdomslag fekk kr. 43.000,- til ny oppvaskmaskin i Helgheim.

Desse prosjekta frå Uskedalen vart tildelt midlar frå stiftinga:

- Uskedal Idrettslag: kr. 400.000,- til nytt tak på Aktivitetshuset
- Uskedal Idrettslag, skigruppa: kr. 35.000,- til rekruttering av barn og unge
- Uskedal Ungdomslag: kr. 43.000,- til ny oppvaskmaskin
- Lambasleppet, Festidalen: kr. 50.000,- til nye tiltak
- Uskedal Skulemusikklag: kr. 7.000,- til aktivitetar/ekstra oppfølging av nye musikantar
- Uskedal Idrettslag: kr. 68.000,- til robotklyppar på Heio
- Uskedal Idrettslag: kr. 100.000,- til ATV på Kunstgrasbanen

Av prosjekt som ikkje nådde fram i denne omgang, er søknader frå Uskedal Friluftslag (Stemneplassen) og Uskedal Utvikling (Gamleskulen). Det vert ny tildeling til hausten og ein vert oppmoda om å søkja om ein ikkje fekk løyving på våren.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Den største tildelinga til eit prosjekt i Uskedalen lydde på kr. 400.000,-. Det var til Uskedal Idrettslag og nytt tak på Aktivitetshuset.